



Denne sauen ser ut til å vera nøgd med å sleppa ut frå det lufttette kammeret. Øystein Bjelland hjelper til. FOTO: Rune Nedrebø

Klimautsleppa frå finnøysauer skal dokumenterast

For første gang skal det dokumenterast kor mykje farlege klimagassar norske sauer slepp ut. Mellom anna skal rapen og fisen i fire sauebestningar på Finnøy målast.

[Rune Nedrebø](#)

Publisert 5. jun 21 kl. 08:00 Oppdatert 5. jun 21 kl. 09:41

- [Facebook](#)
- [Twitter](#)
- [E-post](#)

Abonnement

FINNØY: I tunet til Karl Andre Vignes på Nordre Vignes er parkert ein stor lastebil med «Metanmåleren» skrive over heile fronten. Det er sauebøndene sin organisasjon Norsk Sau og Geit som eig bilen, som skal måla utsleppet av klimagassen metan frå sauer i fire besetningar på Finnøy.



Denne bilene er den einaste i sitt slag i landet. **FOTO: Rune Nedrebø**

Denne dagen er dei på Vignes, og 10 i slengen blir sauene losa inn i kvart sitt lufttette kammer i lastebilen.

Gjennom ruta i døra kikkar sauene litt forundra ut, som om dei lurar på om dei har gjort noko gale. Og det er akkurat det prosjektet går ut på.

– Kan det tenkjast nokon meir klimavenleg måte å produsera kjøtt på enn sauer som går og beitar på markene på Finnøy, seier sauebonde Gaute Halleland med overbevisning.

Støtta av EU

Prosjektet, som er støtta av EU, går ut på å måla kor mykje metan norsk kvit sau slepper ut. I utgangspunktet skal det målast på Finnøy, men det er også aktuelt å ta målingar i besetningar på Rennesøy.



Måleinstrumentet som, avlsforskar Jette Jakobsen brukar, er identisk med apparata som blir brukt i gruveindustrien. **FOTO: Rune Nedrebø**

-Me ynskjer å dokumentera utsleppa, slik at me har fakta å gå ut frå. Det kan vera bra å ha når det blir påstått at til dømes kylling og gris er mykje meir klimavennleg enn sau, seier Halleland og Hadle Austbø i det lokale saueavlslaget til Øyposten.

Sauene må stå i det lufttette rommet i 50 minutt, og i løpet av den tida blir det gjort tre målingar. Ein ved innsett, ein når tida er halvegs ute, og ein rett før dei slepp ut.»

Klimavenlege sauer

-Mellom kvar måling blir kvart kammer grundig lufta ut, og me brukar måleinstrument av same typer som blir brukt i gruveindustrien, opplyser avlsforskar Jette Jakobsen, som saman med Øystein Bjelland frå Randøy er dei to som tar seg av målingane denne dagen.

Målingane på Finnøy er ein del av eit landsomfattande prosjekt, kor utsleppa frå 6000 sauer skal målast. Innreiinga i bilen er laga på New Zealand.

-Me veit at sauene slepper ut klimagass, men me ynskjer å finna ut om det er ein arveleg komponent i dette. Om det er mulig å avla på mest mulig klimavennlege sauer, forklarar Jakobsen.

-Blir både fisene og rapene til sauene målt?

Mest rap, minst fis

-Ja, men det er mest rapen det er snakk om. Den står for 95 prosent av utsleppet av klimagass, seier Jette Jakobsen.

I tillegg til å måla utsleppet av metangass blir det også tatt ein genprøve av kvar sau. Dette var noko av gulrota som fekk væraringen på Finnøy til å engasjera seg i prosjektet.

-Det er svært kostbart å ta slike genprøvar, rundt 50.000 kroner. Det er prøvar som kan gi svaret på om det er ein god sau eller ikkje, og som me nå får tilgang på gjennom dette forsøket. Her har Karl Andre Vignes gjort ein kjempejobb med å få prøvetakinga på plass, og den gode dungadsanda blant sauebøndene på øya har også vore til stor hjelp, seier Gaute Halleland og Hadle Austbø.